



Besl. O. nr. 50

(2007-2008)

Odelstingsbeslutning nr. 50

Jf. Innst. O. nr. 35 (2007-2008) og Ot.prp. nr. 16 (2007-2008)

År 2008 den 1. april holdtes Odelsting, hvor da ble gjort slikt

vedtak til lov

om endringer i burettslagslova, eigarseksjonslova og avhendingslova

I

I lov 3. juli 1992 nr. 93 om avhending av fast eiendom (avhendingslova) blir det gjort følgjande endringer:

§ 1-2 andre ledd andre punktum skal lyde:

Ved andre forbrukarkjøp kan §§ 1-3, 2-6 *første ledd tredje punktum*, 3-3, 3-7 til 3-10, 4-1 til 4-19, 6-1 til 6-3 og 7-1 til 7-3 ikkje fråvikast ved avtale til ugunst for kjøparen.

§ 2-6 første ledd nytt tredje punktum skal lyde:

Seljaren ber òg vederlag etter burettslagslova § 4-6.

II

I lov 23. mai 1997 nr. 31 om eierseksjoner (eierseksjonsloven) skal § 22 nytt sjette ledd lyde:

Eventuell forkjøpsrett kan ikke gjøres gjeldende ved overføring av boligseksjon fra eier som nevnt i fjerde ledd til leier av seksjonen.

III

I lov 6. juni 2003 nr. 39 om burettslag (burettslagslova) blir det gjort følgjande endringer:

§ 1-4 første ledd nytt andre punktum skal lyde:

Eit aksjeselskap eller eit allmennaksjeselskap kan heller ikkje endre føremålet eller eigarstrukturen slik at selskapet blir eit bustadaksjeselskap.

§ 2-13 nytt fjerde ledd skal lyde:

(4) Registrert rett i avtale som nemnd i andre ledd går over til å gjelde rett i andelen frå den tid for-

brukaren blir registrert som andelseigar, om ikkje anna følgjer av det som er avtalt.

§ 4-6 nytt andre punktum skal lyde:

Det kan ikkje gjerast avtale om at andre enn den som avhender andelen, skal betale vederlaget.

§ 4-12 skal lyde:

§ 4-12 Rettsovergang til nærstående og enkelte andre

(1) Forkjøpsrett kan ikkje gjerast gjeldande når andelen går over til ektemake, til andelseigarens eller ektemakens slektning i rett opp- og nedstigande linje, til fosterbarn som faktisk står i same stilling som livsarving, til sysken eller til nokon annan som i dei to siste åra har høyrte til same husstand som den tidlegare eigaren. Forkjøpsrett kan heller ikkje gjerast gjeldande når andelen går over på skifte etter separasjon eller skilsmål, eller når ein husstandsmedlem tek over andelen etter føresegnene i husstandsfellesskapsloven § 3.

(2) Forkjøpsrett kan heller ikkje gjerast gjeldande når andelen går over frå ein andelseigar som nemnd i § 4-2 første ledd til leigaren av den bustaden som andelen er knytt til.

(3) Føresegnene i paragrafen her kan ikkje fråvikast.

§ 6-14 første ledd andre punktum skal lyde:

At hovudstol og avdrag går fram for ein registrert panterett, er ikkje nok til at dette leddet kan brukast.

IV

Endringane i burettslagslova § 4-6 nytt andre punktum og avhendingslova § 1-2 andre ledd andre

punktum og § 2-6 første ledd nytt tredje punktum gjeld ikkje avtaler mellom overdragar og ervervar om at andre enn overdragaren skal betale vederlaget dersom avtalen var inngått før lova her blei sett i kraft.

Endringane i burettslagslova § 4-12 nytt andre ledd og eigarseksjonslova § 22 nytt sjette ledd gjeld ikkje der forkjøpsretten er utløyst før lova her blei sett i kraft.

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

Berit Brørby
president

Asmund Kristoffersen
sekretær